

Sigve Hindenes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1934 - 21/20024

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
22.03.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 5/1 Dyrdal

Tiltak: båttopptrekk til naust  
Byggjestad: Gbnr: 5/1  
Tiltakshavar: Siren Stall  
Ansvarleg søkjar: Sigve Hindenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.02.2021. Vi stadfester at vi også har fått e-post du ber om utsett frist for handsaming.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det kan med fordel leggjast med fullmakt frå heimelshavar. Alternativt må heimelshavar vera nabovarsla om tiltaket.
2. Tiltaket må nabovarslas i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Aktuelle nabomerknader må kommenterast. Opplysningar gjeve i nabovarsel og gjenpart må fylgja søknaden.
3. Situasjonskartet må vera målsett og vise mål på tiltaket, avstand til nabogrense, veg, leidningar m.m.
4. Det må leggjast med teikningar som syner plan og snitt, høgde m.m. For vegen må det fylgje med profiler som syner før og etter. Stigningsforhold må gå fram av tiltaket.
5. Det må søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og eventuelt LNF-føremålet om tiltaket ikkje er i tråd med drifta på garden.

6. Vegen må plasserast i tråd med reglane i plan- og bygningslova § 29-4. Om vegen er utanfor rammene av pbl § 29-4, må dette søkjast om spesifikt. Det kan med fordel leggjast med ein avtale med nabo om avvik frå kravet.
7. Området er omfatta av omsynssone landbruk (H510\_oL26) og faresone H310 (naturfare). Tiltaket må vurderast opp mot omsynssona og faresona.
8. Vi gjer merksam på at området utanfor naustet er avsett til låssettingsplass. Føremålet er kaste- og låssettingsplass. Tiltak som kan hindre fiske, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av området. Søknader om tiltak / inngrep på eller i nærleiken av området, skal leggjast fram for Fiskeridirektoratet for uttale, før vedtaket vert fatta.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **09.06.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

### **Mottakarar:**

Sigve Hindenes  
Siren Stall

Austfjordvegen 373

5993

OSTEREIDET